


FORNMINNA

ARKEOLOGISK MUSEUM I STAVANGER

Då det i 1986 var avgjort at jærkommunane skulle bygga eit landbruksmuseum på Audamotland og Kvia på Nærø, laga AmS eit oversyn over det forhistoriske materialet i området. Her er det særleg rike funn som viser forandring og tradisjon i bondekulturen frå tida kring Kristi fødsel til ca. 600 år e.Kr.

Oversynet blei laga for å gje dei tilsette på Jærmuseet og AmS saklege opplysningar om omfang og art av det arkeologiske materialet, til hjelpe i vidare planleggingsarbeid. Me finn oversynet så interessant og fortsatt aktuelt, at me vil ta det med i denne årboka. Det er skrive av Synnøve Vinsrygg og Kjerstin Griffin. Bjørn Myhre har oppdatert avsnittet om Klauhauane.



KART over området

INNLEIING

Kulturminna i området er både frå forhistorisk tid, mellomalder og nyare tid. Dei vitnar om ulik bruk av området. Gravhaugar og gravrøyser, både runde og avlange, er spesielt talrike. Som oftast er dei runde, men ei trekanta steinlegning er også påvist innanfor området. Desse forminna har vore i bruk frå bronsealder (ca 1800 f.Kr.) fram gjennom jernalderen til kristendommen var innført i landet vårt, om lag 1000 e.Kr.

Av andre forminne må nemnast tunanlegget på Klauhauane og gardsanlegga på Hanabergshagen og Sudabergsbrotet. Med sine innhegningar, geiler, rydningsrøyser, gardfar og dyrkningsflater, syner dei korleis gardskipnaden har endra seg gjennom forhistorisk tid.

Gardfarsystema, rydningsspor og stakktufta fortel om bruken i mellomalder og nyare tid. Det er få stader ein har slik spennvidde i synlege kulturminne innanfor eit så lite område. Det er difor ikkje å undrast på at dette området har stått sentralt i diskusjonen om utviklinga av garden i forhistorisk og historisk tid.

Forutan dei synlege kulturminna i området finst og forminne som ikkje er synlege på overflata. Slike vil ein berre finne ved utgravningsarbeid eller anna verksemd som fører til at djupareliggende jordlag kjem fram i dagen. Tufta i midten av Klauhaugane er eit dørme på dette. Men fleire slike forminne er oppdagata. To buplassar frå steinalderen er blitt påvist under flat mark. Diverre er funna frå buplassane få, og ingen har blitt nærmere granska. Det er difor ikkje muleg å sei noko meir om dei enn at dei er frå ei tid då stein og flint vart nytta til reidskap. Plasseringa i lendet kan tyde på at funna har hatt tilknytting til jordbruk, og dermed kan dei vere frå tida då haustingsøkonomien vann innpass på Jæren.

Sjølv om det i dag er mange kulturminne på Audamotland og Kvia, er dette berre deler av det som ein gong var. Endringane i jordbruket, både i forhistorisk og historisk tid, i mellomalder og i nyare tid har ført til at kulturminne har blitt øydelagde og sletta. Samstundes er nye kulturspor og kulturminne skapte. Slik avspeglar området utviklinga av livbergingsmåtar og jordbruk frå eldste tider fram til i dag. Totalt er her 76 forminne.

FUNN FRÅ AUDAMOTLAND OG KVIA

Innleiing

Funna frå gardsanlegga og hustuftene er mest talrike, og desse vert omtala under avsnittet *Audamotland og Kvia i Nærø*. Resten av funna kan grovt sett ordnast i to grupper:

- Funn frå gravrøyser og gravanlegg, funne av arkeologar.
- Funn som har kome fram ved jorddyrkning eller på annan tilfeldig måte.

Korleis og når kom funna for dagen?

Audamotlandsområdet vekte tidleg arkeologane si interesse. Fleire utgravingar fann stad kring 1890. Det var i hovedsak ein arkeolog ved Bergens Museum, Gabriel Gustafson, som sto ansvarleg for arbeidet. Dette var før dokumentasjonsrutinar og metodiske krav var utvikla slik dei er i dag. Opplysningane er difor ofte knappe, og det er vanskeleg å vite nøyaktig kvar funna skriv seg frå.

Jan Petersen fatta stor interesse for området kring 1930 og sette i gang systematiske undersøkingar. Han fekk god kontakt med grunneigarane på Audamotland og fekk inn fleire lausfunn frå området. Odmund Møllerop har også hatt si interesse retta mot dette området heilt opp til dei siste åra.

Kvar er funna i dag?

Når ein ser bort ifrå funna frå hustuftene, så kom mange for dagen så tidleg at Stavanger Museum på dette tidspunkt ennå ikkje hadde fått arkeologisk konservator. Det var gjennom gravingane til Gustafson sist på 1800-talet at mange av dei finaste funna kom fram. Dei fleste av desse gjenstandane

vart difor sende til Historisk Museum i Bergen (desse er merka med B-nummer i katalogen), der dei ennå er. Ein stor bronsekjele (såkalla Vestlands-kjele) hamna ved Universitetets Oldsaksamling i Oslo (C-nummer).

Gravfunn frå eldre jernalder


Gravfunn frå perioden frå Kr. f. og fram til ca 600 e.Kr. er talrike. Her er to slike valgt ut til nærmare omtale:

Eitt av dei eldste gravfunna (funn B 4815) kan dateast til eldre romartid (0–200 e.Kr.). Dette vart oppdaga av Gustafson i 1891. I ein ganske liten rundhaug vart det funne deler av ein spore av brONSE, eit belteslag av bronse samt restar av andre bronseslag som kan ha vore på eit drikkehorn. Den døde var blitt brend før gravlegginga. Sporen viser at folk her har hatt hest alt i tida like etter Kr.f.

I 1950-åra grov Odmund Møllerop ut ein stor gravhaug på «Øgardsbrotet». Funna (St. 8613, a-p) tyder på at dette kan ha vore ei dobbeltgrav der både mann og kvinne har vore lagt i samme grav. Funna kan dateast til folkevandringstid (400–600 e.Kr.). Dei døde hadde fått med seg følgjande gjenstandar: eit tve-egga sverd av jern, to spydspissar, skjoldbule og kniv. Vidare fanst deler av ei korsforma spenne, ei mosaikkperle, saks av jern, deler av bronsering, leirkar (sjå foto), bronsefragment og to jernkrampar. Ein kunne tydeleg sjå spor etter ei trekiste som har vore over 4 meter lang og 1 meter brei.

Runeinnskrift på beinamulett

Dette funnet kom for dagen i 1886. Beinamuletten vart funnen i ein stor gravhaug like vest for Klauhauane, saman med ein del skår av leirkar, restar av ein



Utvalde funn

Båtforma stridsøks frå Hønaland

Denne båtforma stridsøksa er laga av steinslaget diabas, er vakkert utforma og har fint slipt skafthol. Ho kan daterast til yngre steinalder (ca. 2000 f.Kr.). Øksa vart funnen på Hønaland under Audamotland, der ho var plassert like ved ein jordfast stein, i stående stilling og med eggend vend oppover. Dette er ei stridsøks av såkalla finsk type ettesom liknande eksemplar er mest talrike i Finland. Øksa kan ha vore eit statussymbol heller enn ei bruksøks. Men det var folk som dreiv med jordbruk eller kveghald som nyttet slike øksar. Dei kjem plutselig til syne i det arkeologiske materialet og sprer seg raskt til store delar av Norden ein gong i seinare del av yngre steinalder. Dette er eit av dei første sikre spor vi har etter folk med haustingsøkonomi her på Audamotland. Foto: * AmS

beinkam og del av ein slipt steinreiskap. Den døde har vorte brend. Denne haugen er nå restaurert og restane av eit gravkammer med store steinar i veggen er synleg.

Beinamuletten med runeinnskrifta er vist på fotografiet over.

Innskrifta høyrer til den eldre runerekka og er blitt omsett slik: «Uha laga, Eburino eig denne heilage gjenstand. Tunta skreiv ved sida av Uha innskrifta i denne rekka.». Her møter vi namn på tre menneske, Uha og Tunta er mannsnamn, Eburino er kvinnenamn. Uha ville gi ein amulett, ein heilag gjenstand, til Eburino, men han måtte ha hjelp av Tunta til denne

oppgåva. Funnet gir oss på ein eineståande måte kontakt med enkeltindivid som har budd på Audamotland for ca. 1500 år sidan.

Gravfunn frå yngre jernalder

Ein rundhaug som vart undersøkt i 1886 ga ei velutstyrt mannsgrav frå yngre jernalder (truleg frå overgangen mellom merovingertid og vikingtid). Funn frå denne perioden er ellers ikkje mange.

Den døde vart gravlagd ubrend. Forutan to sverd, eitt ein-egga og eitt tve-egga, hadde mannen med seg spydspiss, bekSEL, øks av jern, ljåband og bryne og to breie hakker. I tillegg fanst ei rekke klinknaglar. Funnet gir oss eit bilete både av bonden og krigaren, og bekselet tyder på at han har hatt hest. Også desse gjenstandane er i Bergen (B. 4388, a-i).


Andre funn

Eit par andre funn kan nemnast:

Biletet på neste side viser eit spinnehjul av kleber (St. 1013) funne på Kvia. Dette vitnar om tekstilarbeid



To leirkar frå folkevandringstids gravfunn



Beinamulett som er funnen i gravhaug på Klauhauane. Foto: * AmS.

Spelebrikkene på biletet ved sida av er laga av bein. Dei vart funne i ein gravhaug 50–60 meter sørvest for Klauhauane, saman med ein del andre gjenstandar. Dette var ei såkalla brannflakgrav som kan daterast til 350–400 e.Kr. (St. 7542).

Samanfatning

Dei fleste funna vi kjenner til kjem fra Audamotland. Gravfunna kan vere med å utvide det biletet av gardsbusetjinga som vi får gjennom undersøkningane av hustuftene og gardsanlegga. I gravene er det lagt ned våpen, reidskaper og pyntegenstandar som vi ikkje kan vente å finne i hustuftene. Funna er ikkje av dei aller rikaste i jærsk målestokk, men dei vitnar om jamnt gode kår. Menneska som budde her følgde med i skifta i tida og tok opp idear utanfrå.

Fleire av gravene let seg ikkje kjønnsbestemme,

men fleirtalet inneheld funn som gjer det naturleg å tolke dei som mannsgraver. Funna frå hustuftene derimot gir truleg fleire opplysningar om livet til kvinnene.

FORMINNE AV SPESIELL INTERESSE


Klauhauane

Klauhauane er kanskje det mest interessante forminnet i området. Namnet fortel truleg at folk tykte tuftene minne dei om former som blir danna av klauvane på ei ku. Som flyfotoet viser er dette ringforma tunanlegget danna av mange hustuftar som er plasserte radiært kring ein open plass. Opphavelig låg det ein rund haug i midten. Forminnet har ytre mål på 80x55 meter, den opne plassen mellom husa måler 56x27 meter. Dei synlege tuftene synest å ligge oppå ein voll, men denne er truleg restar etter eldste fase i busetjinga.

Det har rådd ein viss tvil om talet på hus, både 17, 18



Spinnehjul av kleber. funne på Kvia Foto: * AmS



Spelebrikker laga av bein. Foto: * AmS

og 19 er nemnde i «innberetingane». Husa har hatt veggar av tre og truleg to indre rekker av stolpar som har bore taket. Langveggene og bakre gavlvegg har hatt ytre steinvegger i tillegg. Kvart hus er ca 10 meter langt og 5 meter breitt. Gavlveggene som vender inni mot den opne plassen viser ikkje spor av steinvegger eller steinfundament. Den opphavelige haugen i midten viser seg nå som eit kvadratisk felt, slik som på biletet. Utgraving har vist at dette er ei lita firkanta hustuft, 5x5 meter. Inngangen har vore imot vest.

Hovedinngangen til tunet på Klauhauane har lege imot vest, mot traktorvegen som fører opp mot Hanabergshagen. Også mot aust er der ein inngang/utgang, men i siste busettingsfasen var denne opningen sperra av ein steingard.

Det har lege fleire gravhaugar og andre gravanlegg ved tuftegruppa. Mest markert nå er den store grav-

haugen i nordvesthjørnet (heilt ned mot vegen på biletet). Ei stor gravgiste, bygd opp av kraftige steinar, er nå synlege i haugens søraustre del. Det var her runeamuletten vart funnen.

Korleis vart forminnet kjent?

Klauhauane vert første gong omtala skriftleg i 1884 i «Fortidsminnemerkesforeningens Årsberetning». Det er antikvar Nicolaysen som omtalar forminnet, og han kallar det ei samling elliptiske gravhaugar. Heilt fram til 1930 heldt det synet seg ved lag at dette var gravhaugar.

I 1891 foretok Gustafson ei mindre utgraving i det han kalla «et par tvervolde med mellemliggende grøft», lengst i nordaust. Han grov også i haugen i sentrum. Han gjorde seg ikkje nemneverdige funn og forsto ikkje kva han hadde føre seg.



Klauhauane sett frå lufta. Foto: * AmS

Først i 1930 kom Jan Petersen til den konklusjonen at dette måtte vere hustufter. Då var han i gang med å undersøke liknande anlegg andre stader i Rogaland. Systematisk arbeid vart starta på Klauhauane i 1939 og arbeidet kom til å vare fram til 1950. I alt vart det arbeidd i 8 sesongar, etter som krigsåra førte til eit avbrot. Heile tida var lærar Peder Heskestad med som assistent. Dei tre siste åra deltok konservator Odmund Møllerop. Arbeidet vart teke opp att sist i 1950 åra.

Lars Ødemotland eigde grunnen der Klauhauane låg, og han har spela ei viktig rolle i forminnets historie. Frå barnsbein av hadde han ferdast i området og følgde interessert med i alt som skjedde. I 1956 ga han vederlagsfritt Klauhauane til Stavanger Museum som den gong var ansvarleg arkeologisk myndighet. Dette var eit område på 5 mål. Han ba berre om å få beitreten. Det skulle vere fullt høve for folk å kome og sjå på forminnet. Hans ekte innsikt og interesse kjem til

uttrykk i ønskje om at ei tuft skulle stå urord slik at framtidas forskrar med betre tekniske hjelpemidlar skulle få fram endå fleire opplysningar. Lars Ødemotland døde i 1976. Norsk arkeologi skulda han ein stor takk.

Utgravingar og tolking

Jan Petersen tykte det var vanskeleg å få god forståing av busetjinga her. Han har ikkje gjeve noko endeleg tolking av utgravingane sine. Om resultata seier han m.a.: «Hustuftene på Klauhauane virker primitive. De minner mer om tuftene på Håvodl. Veggene er løst oppbygget, ildstedene består av enkle åregruver, sammenlagt av alminnelige runde steiner. Ingen ildsteder var hellelagte. En del få og uregelmessige stolpehull». Han vart etter kvart klar over at det var fleire busetjingsfasar på Klauhauane. Den vesle haugen i sentrum vart også undersøkt, og ei stor mengde med leirkarskår kom for dagen. Dessutan vart ei hestetann funnen her. Det viste seg at ein del av desse skåra kunne setjast saman til eit kar (sjå biletet) av ein type som ein kjener godt frå dansk hustuftkeramikk datert til eldre romartid (0–200 e.Kr.). Dette førte til at gravingane vart tekne oppatt sist i 1950-åra, for å finne ut kva som eigentleg var i sentrum. Heilt ned på auren vart det funne restar etter eit firkanta hus på 5x5 meter. Veggene har vore ståande trekonstruksjon, truleg ein slags pallisadevegg sett ned i ei djup rille. Veggen var støtta med steinforing på innsida og på utsida (sjå foto). Det fanst ikkje nokon eldstad inni huset, men fleire vart påviste utanfor. Ei 1 meter brei søkesjakt utifrå feltet i midten og mot aust vart undersøkt. Store mengder leirkar vart funne. I austenden, der ein venta at inngangen skulle ligge, støtte ein på murar og tre-

konstruksjonar. Her ligg minst to hus oppå kvarandre. Det øverste har hatt steinvegger, det nederste har truleg vore konstruert på same måten som det vesle huset i midten. Men dette har vore rektangulært. Alt tyder på at Klauhauane har vore busett over lang tid, og at det har vore fleire busetjingsfasar. Kulturlaget er ein meter eller tjukkare. Kulturlaget i dei mange folkevandringstuftene som er undersøkte er nesten aldri over 30–40 cm tjukt. Klauhauane synest å ha blitt teke i bruk ein gong kring Kr. f. og busetjinga har truleg vart i minst 600 år. Bruken av det vesle huset i sentrum er framleis uviss, men det er rimeleg å tru at dette var ein samlingsstad, eit fellesområde, for folk som bodde i husa omkring.


Oldsakene som kom fram under utgravingane er grunnlag for sume av dei konklusjonane som er nemnde ovanfor. Samansetjinga er, på få unntak nær, heller einsformig. Funnlista omfattar ein fin gullring (frå eldre romartid), ei jernfibula (nål), ei bronsenål som kan vera frå yngre jernalder, ein del perler (av glas, rav og bergkrystall), ein del jerngenstander som t.d. knivar av ulike slag, bryne, slaggstykke, brende bein og ca 7000 leirkarskår. Dei talrike leirkarskåra viser tidspennet og intensiteten i busetjinga.

Det vart funne mykje brend taknever og ein trur at Klauhauane ein gong kan ha vorte herja av ein stor brann.

Sjølvom Klauhauane har vore undersøkt mange gonger, er det heilt visst at nye utgravingar vil avdekke nye aspekt.

Klauhauane i større samanheng

I Rogaland kjerner vi ringforma tunanlegg frå sju ulike plasser:




Leirkar funne i huset i sentrum av Klauhauane.
Foto: * AmS

- Leksaren (Reiestad, Varhaug, Hå)
- Klauhauane (Audamotland, Nærø, Hå)
- Dysjane (Hauge, Klepp)
- Håvodl (Sæland, Time)
- Øygarden (Heigreberget, Vestre Åmøy)
- Ritland (Ritland, Suldal)
- Kåda (Randøy, Hjelmeland)

Liknande tunanlegg er også kjende fra Nord-Noreg og Trøndelag. Ingen stader ligg dei så tett som på Jæren. Tre av dei mest imponerande ligg innanfor ein avstand på ca 15 km.

Dei ringforma tunanlegga står sentralt i diskusjonen om jernaldergarden oppkomst og utvikling, og dei er viktige for å kaste lys over samfunnsstrukturen og levemåten i hundreåra etter Kr. f. Namn som bør nemnast i denne samanheng er: Jan Petersen, Odmund Møllerop, Ottar Rønneseth og Bjørn Myhre. Det har vorte sett fram ulike tolkingsforslag som kort skal nemnast:

- Anlegga kan vere enkle borganlegg. Opphaveleige forsvarsallisader kan ha forsvunne. Det er vanskeleg å tru på denne teorien i militær meinинг av fleire



Hustufta i sentrum av Klauhauane under utgraving.
Foto: * AmS

grunnar. Klauhauane ville ikkje ligge lagleg til som forsvarsanlegg. Dei tjukke kulturlaga tyder også på så intensiv bruk at periodevis opphold ikkje synest naturleg.

- Anlegga i Nord Norge ligg ofte i nærleiken av gardar som har vore sentrale i regionen, truleg hovudgardar. Her finst også ofte store naustufter for krigsskip. ein hypotese er at t.d. hovdingane sine krigsfolk heldt til i periodar .
- Eit anna forslag er at bygningane av denne typen er reiste på stader der det var halde ting. Forklaringsa kan passe på Klauhauane der ein veit at Kvialenare var tingstad. Det same er tilfelle med Dysjane som ligg like ved Tinghaug.I Nord Norge har ein tenkt seg at nokre slike anlegg kan ha vore tingplass.

Lenge trudde mange at anlegga var spor etter jordbruksfolk, at det var tida sin «landsby». Klyngebusetjinga, som ein her meinte å spore, blei oppfatta som

uttrykk for ei organisasjonsform som har halde seg ved lag gjennom fleire hundre år. Ein trudde at kring 350–400 e.Kr. vart «klyngetuna» sprengde», og som eit resultat nye enkeltgardar bygde opp i nærleiken.

Seinare gransking har synt at nokre anlegg har vore i bruk lengre enn ein tidlegare trudde, t.d. Leksaren i Varhaug. Det er også mogleg at Klauhauane var i bruk fram mot vikingtida. Nye utgravingar i fleire anlegg i Nord Norge viser at mange eksisterte frå romartida til vikingtida. Både i Rogaland og i Nord Norge er slike kretstunanlegg samtidige med gardsanlegga i nærleiken. Omkring Klauhauane fanst det ein tett busetnad i romartid og folkevandringstid. I Hanabergsmarka ligg eit gardsanlegg på Sudabergsbrotet og eit i Hanabergshagen.

Den tette busetnaden avspeglar seg også i gravskikken og i dei mange gravene. Talet på graver aukar, og dei er spreidde over eit større område. Funna viser ikkje spesiell rikdom, men jamn velstand. Over alt i Rogaland er hundreåra etter 300 e.Kr. ei ekspansjonstid. Land-gardane vert sette i samband med denne utvidinga av busetjingsområda som viser seg både innover i fjordane, oppover i dalane og ut til dei mindre øyane.

Tidas økonomiske struktur må vere ei medverkande forklaring til endringane. Funna frå Audamotland og Kvialenare også om handel og kontaktar utover.

Hanabergshagen.

Tre til fire hundre meter frå Klauhauane, på eit høgdedrag mot sørvest, ligg Hanabergshagen med restar etter ein gard frå folkevandringsrtida (sjå foto). I dag kan ein sjå to rektagulære tufter, den lengste har ytre mål på 28 x 7,8 meter. Den andre ligg heilt inntil lang-

huset og er omlag 10,5 m lang. ein geil fører inn til langhuset og den delen som ligg nærmest huset er avdekt frå resten med ein liten tverrmur. Kring husa finnst fleire gardfar, gravhaugar og rydningsrøyser. Denne busetjingseininga er av same type som den restaurerte Ullandhauggarden i Stavanger.

I 1950, 1951 og 1953 vart hustuftene undersøkte. Forutan Jan Petersen deltok Peder Heskestad og Odmund Møllerop. I den minste tufta var kulturlaget svært tynt, og bygningane har derfor vore tolka som uthus. I langhuset var kulturlaget tjukkare, og det inneholdt funn av små leirklumper, never, trekol, kvernstein, bryne, jernkniv forutan mange skår av leirkar, særleg av den såkalla spannforma typen som er så karakteristisk for tida mellom 350 og 550. Det var mykje stein i tufta (sjå fig 12.). Nokre stolpehol og eldstader vart avdekkta.

I ei skriftleg kjelde frå 1600-talet er det nemnt ein øydegard med namnet Hanaberg. Det kan tyda på at garden eksisterte også i mellomalderen og at han vart lagt øyde etter Svartedauden i 1350. Nokre funn i tuftene og særleg den firkanta innhegninga aust for tuftene kan vera frå mellomalderen.

Sudabergsbrotet

Eit par hundre meter sørøst for Klauhauane ligg eit gardsanlegg av liknande type som det på Hanabergshagen. Dette vart oppdaga av Albert Myhre, og det er ikkje utgrave. Det ligg inne i skogholtet og er vanskeleg å sjå.

I denne busetjingseininga finn ein to hustuftar som ligg parallelt i lendet. Begge er mellom 25 og 30 meter lange. Frå tuftene går det utgårdar i retning Klauhauane. I sørleg retning kjem utgardsystemet i


kontakt med gardfara kring tuftene på Hanaberghagen. Det finst fleire både små og store haugar og røyser kring og oppå husa.

Andre synlege fornminne

Her skal eit utval av fornminna utanom gardsanlegga og tuftene omtalast.

Gravrøysa på Hanaberget

Øvst på flata på toppen av Hanaberget ligg eit av dei største gravminna i området, ei rund gravrøys som nå er omlag 25 meter i tverrmål og 2,3 meter høg. Opphavleg har røysa vore noko større, men ho vart noko øydelagt ved festningsarbeid under krigen. Samstundes vart to andre og mindre røyser i nærleiken også øydelagte. Vi kjenner ikkje funn frå den store røysa, men slik ho er plassert i lendet, vil ein helst tru at ho er bygd ein gong i eldre bronsealder. Fleire andre gravhaugar og gravrøyer i Nærø med liknande plassering har gitt funn frå denne tida (ca. 1600 – 1000 f.Kr.).




Skisse over gardsanlegga på Audamotland og Kvia.

nokre av tuftene, då steinlegningane er plassert over ei av desse.

I ei av dei tretrekanta steinlegningane på Hå gamle prestegard vart det funne ei kvinnegrav frå 700-talet, frå Sverige, der slike graver er mykje vanlegare enn i Norge, inneheld dei trekanta steinlegningane som regel kvinnegraver frå slutten av jernalderen.

Stakktufter

Stakktufter er avmerka som fylte firkantar på kartet fig 1. Nummer 5 kan tena som eit demonstrasjonseksempl.



Flyfoto av Hanabergshagen Foto: * AmS

Eit av dei vanlegaste kulturminna etter jordbruk på Jæren er det vi kaller stakktufter. Dei er merke etter utmarksnæringa i mellomalderen og i nyare tid, men det er uvisst om dei også er forhistoriske. Stakktufter kan ha ymse former. Namnet kan tyde på at dette er

stader der ein sette opp lyng- eller høystakk. Dei vi finn på Jæren er kvadratiske eller rektangulære med spor etter ei grøft ikring. Det finst og runde stakktufter, og på desse er sjølve tufta bygd litt opp. Renna eller grøfta rundt stakktufta er laga for drenering.



Frå utgravingane av tuftene på Hanbergshagen. Foto: *AmS.

Omkring grøfta er restar etter ein låg voll som eingong var høgare og skulle halda beitande dyr vekk frå høystakken. Stakken kunne variere, nokre var bygd rundt ein stake som stod i stakktufta, medan andre kunne ha fire hjørnestolpar og eit tak av lyng. Det finnsta ulike namn på det vi kallar stakktufter, vanlegast er tjelmgard, (eller kjelmgar, «tjelm» tyder høystakk «gard» viser til innhegninga, vollen kring grøfta.), tjeng eller tjengar, eller rett fram stakkstod. Meir romantisk er nemninga alvedans. Dette namnet er kjent frå førre

hundreåret. Då var nokre av tuftene gått av bruk, og grøftene som markerte dei vart tolka som spor etter alvane sin dans. Om denne tradisjonen har folkelege røter, er uvisst.

Tingsteinen

Sjå fig. 13 på kartet fremst i artikkelen.

I dyrka mark rett søraust for gamletunet på Kvia ligg ei stor flyttblokk av stein som vert kalla Tingsteinen. Frå skriftlege kjelder frå mellomalderen



Trekanta Steinlegning. Foto: *AmS

og seinare veit vi at det har vorte halde ting på Kvia, som då var tingstad for Kvia skipreide. Skipreide er ei juridisk/administrativ eining som har opphavet sitt i leidangsordninga og virka nærmast som ei mobiliseringseining. Muntleg tradisjon kring Tingsteinen fortel at dette var plassen der tinget samla seg. Om det er rett, veit vi ikkje. Frå skriftlege kjelder veit vi at tinga gjerne vart haldne innandørs, men det er muleg at ein stundom heldt ting under open himmel, og at steinen då markerte tingstaden.

NATURHISTORISKE DATA FRÅ OMråDET

Jæren er eit av dei mest interessante naturhistoriske områda i Sør-Norge. Det er ein del av det første landområdet som blei isfritt etter siste istid for ca. 13.000 år sidan.

Kvantærgeologane har, heilt frå 1800-talet og fram til våre dagar, studert dei store avsetningane av leir, sand og grus som er avsette på Jærslettene. Ved hjelp av karbon-14-dateringar av skjel i avsetningane har ein kunna påvise fleire nedisingar med mellomlig-

gande isfrie intervall. Usikre dateringsmetodar gjer at det ennå er mykje å utforske når det gjeld Jærens geologiske historie.

Da landet var isfritt, starta innvandringa av planter og dyr. På Jæren finn vi restar av dei første plantene som voks etter siste istid. Desse er daterte med karbon-14-metoden til ca. 13.000 før nåtid. På denne tida var her artisk tundravegetasjon.

For ca. 10.000 år sidan byrja det å bli varmare, og isen låg då langt inne i fjella. Bjørkeskogen spreidde seg, innslag av furu, alm og tindved fanst. For 9.000 år sidan kom hassel, furu vart stadig vanlegare, og innslaget av eik vart merkbart i skogen. Ca. 1.000 år seinare innvandra or i dei sørlege delane av Jæren. Lauvtrea sette nå sitt preg på skogen. For ca. 5.000 år sidan dominerte eika i dei nordlegaste delane av Jæren. I dei sørlege delane var furu framleis det vanlegaste skogstreet.

Mennesket innvandra også til Jæren, og den eldste sikkert daterte jakt- og fangst-buplass er ca. 9.100 år gammal. Ved Hå prestegard i Hå kommune ligg ein buplass som er ca. 8.200 år gammal.

For ca. 6.000 år sidan byrja dei første spora av jordbruk å visa seg i Noreg. Langs Oslofjorden finst pollenkorn av korn i sediment som er karbon-14-datert til ca. 6.000 år. Dei eldste korn funne på Jæren er frå Rugland. Dei er daterte til ca. 2.000 år f.Kr.

I samband med korndyrking og husdyrhald byrja også mennesket å påvirke landskapet rundt seg. Ved dette tidspunktet starta rydning av skog for å gi plass til åker, truleg også til beite. Desse omskifta kan sporast i endringar i pollensamsetninga i vatn og torvsediment. I tida frå 5.000 til 3.000 år før nåtid vart store delar av skogen på Jæren gradvis hogd ned for å bli erstatta av åker og beiteland.

Etterkvart tok lynchia til å dominera landskapet. Utviklinga av lynchia må ein sjå som ei følge av ei rekke faktorar som påverka jordsmonnet. Nokre av desse er utarming av jorda gjennom intensivt jordbruk utan gjødsling saman med overbeiting. Forandringar i klimaet spelar også ei rolle.

I ei undersøking frå Line i Time kommune vart ei grøft laga gjennom ein ca. 1,6 m høg jordvoll. Denne vart tolka som restar etter ein såkalla gammalåker. I botn var det eit kollag. Ein pollenanalytisk analyse av kollaget viste mykje lynchpollen. Ei karbon-14-datering av trekolet ga ein alder på ca. 3.000 år. Dette styrkjer hypotesen om at lynchiautviklinga ikkje er synkron, men kjem på ulike tidspunkt.

Kunnskapen om skiftingane i vegetasjonen på Jæren har vi frå ei rekke klassiske stratigrafiske myrundersøkingar. Allereie gjennom A. Blyts arbeid i 1870-åra vart det klart at Jæren hadde gjennomgått ulike vegetasjonsfasar, dels med skog og dels utan. Rundt sekelskiftet gjorde også amtsagronom G.E. Stangeland stratigrafiske studie i myrar i samband med ei inventering av torvmyra til brenntorv og oppdyrkning. Professor Jens Holmboe undersøkte m.a. Friestadmyra i Hå i samband med arbeidet sitt om planterestar i norske torvmyrer.

Det mest omfattande vegetasjonshistoriske arbeidet frå Jæren er utført av professor Knut Fægri i åra 1935–40. Ei rekke myrar fordelt over heile Jæren vart undersøkte ved hjelp av pollenanalyse. I seinare år er ei rekke pollenanalytiske undersøkingar utført i samband med arkeologiske utgravingar.

Desse nyare undersøkingane som i fleire tilfelle er supplert med karbon-14-dateringar, har vist at det ikkje er avsett sediment i visse tidsperiodar. Allereie

Fægri var klar over dette, men utan dateringar er det umuleg å anslå tidsgapet i stratigrafien. Dateringane frå Line er også interessante då dei viser ei lynchiautvikling allereie for 3.000 år sidan.

Området kring Nærø og langs Håelva omfattar nokre av dei eldste kulturygdene på Jæren.

I sitt forskingsprogram har AmS eit prosjekt som

heiter «Vegetasjonsutvikling på Jæren med særlig sikte på påvisning av kulturpåvirkning.» Innan prosjektet skulle skulle spesialstudie i Nærø-området kunne passast inn. Resultata skulle kunne tilretteleggast for publikum gjennom samarbeide mellom Jærmuseet og AmS.